

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	Gbnr-52/46, FE-611	20/338

Saknr	Utval	Type	Dato
112/2020	Formannskapet	PS	17.11.2020

Forlenging av avtale knytt til næringsareal på Matre

Vedlegg:

Journalposttittel

Opsjonsavtale gnr 52 bnr 46 på Matre

Dato

08.11.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet gjev rådmannen fullmakt til å forlenge opsjonsavtalen på gnr 52 bnr 46 på Matre ut 2021 . «

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Det vert vist til formannskapsak nr 031/2020 i møte den 27.04.2020 der formannskapet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

«Masfjorden kommune sluttar seg til inngåtte opsjonsavtalar på gnr 52 bnr. 49 og gnr 52 bnr 46 på Matre. Naudsynte midlar vert sett av frå disposisjonsfondet.»

For å framstå med truverde i konkurransen om å få etablert ei viktig datalagringsbedrift har difor Masfjorden kommune signert to opsjonsavtalar med to grunneigarar innanfor næringsområdet på Matre. Det vert betalt månadsleige for dei to eigedomane, som i 2020 til saman ville utgjera om lag 56.000,- kroner eks mva. Den eine opsjonen kan forlengast vidare ut 2021 om begge partar er samde, den andre er alt inngått for 2021. Denne saka gjeld mogeleg forlenging av opsjonsavtalen på gnr 52 bnr 46, som går ut til 31.12.2020, om den ikkje vert gjensidig avtalt å forlenga den innan 01.12.2020. Det vert vist til punkt 5 og 6 i avtalen der det står følgjande:

5. Realisering av opsjonen om kjøp vert gjennomført ved at Masfjorden kommune skriftleg stadfestar dette til eigar i opsjonsperioden frå og med 01.04.2020 til og med 31.12.2020, og deretter lagar til skøyte for underskriving av eigar. Kjøpesummen på krone 1.500.000 skal verta betalt av Masfjorden kommune innan 14 dagar etter at

eigedomen er overført til ny eigar.

6. Avtalen kan om begge partar er samd om dette forlengast i 1 år. Eventuell avtale om forlenging skal vera inngått innan 1. desember 2020. Avtalen kan ikkje seiast opp av nokon i opsjonsperioden.

Vurdering

Rådmannen viser til at det er nytta mykje ressursar for å prøva å få etablert ei datalagringsbedrift til Matre, og at det difor er føremålsteneleg å gå i forhandlingar for å få forlenga avtalen ut 2021, slik at kommunen kan framstå som ein eigar mot aktuelle etablerarar også i heile 2021. På bakgrunn av dette tilrår ein at formannskapet gjer vedtak om at Masfjorden kommune prøver å forlengje opsjonsavtalen ut 2021 for eigedomen gnr 52 bnr 46 på Matre.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at opsjonsavtalen vert forlenga om begge partar vert samde om dette.

Formannskapet - 112/2020

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet gjev rådmannen fullmakt til å forlengje opsjonsavtalen på gnr 52 bnr 46 på Matre ut 2021 . «